



Arkivnr: 2017/8481-13

Saksbehandlar: Inger Lena Gåsemyr, Elisabeth Bjørsvik, David Aasen Sandved

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		25.10.2017
Fylkesutvalet		26.10.2017

Tilskotsordninga Museumsløft 2017 - Fordeling av midlar

Samandrag

Føremål med ordninga:

Museumsløft skal styrke musea og vidareutvikle gjeldande satsingar frå Regional plan for museum 2011-2015. Musea skal utviklast som sterke kunnskapssentra og organisasjonar og vere profilerte samfunnsaktørar som utviklar samfunnet med kunnskap om fortid, samtid og framtid.

Generelt:	
Budsjett 2017	2 000 000
Søknadsfrist 2017:	20.august
Vedtak kriteria og retningslinjer: Vedtekne innsatsområde:	KIRU 20.06.2017: PS 89/2017 Tiltak A. Styrkje musea i høve drift og investeringar Tiltak B. Vidareføring satsing på tematiske og regionale ansvarsmuseum og hovudtema i Regional plan for museum 2011-2015 Tiltak D. Styrkje Bevaringstenestene og musea si samlingsforvalting
Kriteria og informasjon om ordninga:	https://www.hordaland.no

Fordeling 2017:	
Tal på søknadar:	12
Tal på søknadar som er tilrådd støtte:	9
Samla søknadssum:	3 427 000 kroner
Tilrådd fordeling:	2 000 000 kroner

Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga:

Alle tilrådde prosjekt er i samsvar med vedtekne satsingar i Regional kulturplan 2015-2025 *PREMISS: Kultur* med handlingsprogram og kriteria og retningslinjer i «Museumsløft 2017», vedtekne i KIRU 20.06.2017, jf PS 89/2017. I vurderinga har fylkesrådmannen lagt vekt på at midlane skal fordelast til prosjekt og tiltak som bidreg til gjennomføringa av dei vedtekne innsatsområda A-D (over). Ein har i tillegg vurdert gjennomføringsevne og realisme i prosjekta, tiltaka sin kvalitet, korleis dei profilerer musea som samfunnsaktørar, om dei inneber fornying og løysing av aktuelle museale utfordringar.

Dei ti konsoliderte musea har hatt høve til å sende inn ein søknad kvar på eit prioritert tiltak. I tillegg har musea kunne sende inn ein eller fleire fellessøknader med eit eller fleire av dei andre konsoliderte musea. Bymuseet har sendt inn to søknader, men blir tilrådd ein.

Museum Vest blir ikkje tilrådd sin søknad, då dei får tilråding frå Kulturelt utviklingsprogram (KUP). Museumssenteret i Hordaland, ved Bevaringstenestene vert ikkje tilrådd midlar til fellesmagasin, då dei må svare betre på dei utfordringane som vart skissert i politisk sak PS 144/2016, før eventuell ny løyving vert vurdert.

Økonomi: Tildelinga er i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Hordaland fylkeskommune.

Klima: Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at dei omsøkte tiltaka har monaleg klimaavtrykk.

Folkehelse: Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Tilskotsordninga er eit av verkemidlane for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan 2015-2025 PREMISS: KULTUR.

Framlegg til vedtak må sjåast i samanheng med fylkesrådmannen sine grunngjevne vurderingar i søknadsoversikten i tabell knytt til saka.

Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyver kr 2 000 000 frå budsjettpost 10.400.660.00 Museumsløft slik:

	Søklar	Prosjektnamn	Totale utgifter NOK	Søknads-sum NOK	Løyving NOK
1.	Stiftelsen Bymuseet i Bergen	Revisjon av driftsavtalar - Juridisk kompetanse.	220 000	220 000	220 000
3.	Museumssenteret i Hordaland, avd. Bevaringstenestene	Innkjøring og utprøving av mobilt varmekammer (Fellessøknad)	900 000	400 000	200 000
4.	Museumssenteret i Hordaland, avd. Norsk Trikotasjemuseum	Utvikling av tematisk ansvarsmuseum for industriarven.	400 000	400 000	50 000
6.	Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum	Digitalisering og tilgjengeliggjering av Bergens Sjøfartsmuseums fotosamling.	890 000	150 000	150 000
7.	Sunnhordland museum	Nettverk maritim historie - museumssamarbeid med lokale aktørar.	455 000	380 000	380 000
9.	Nynorsk kultur-sentrum (I samarbeid med Sunnhordland museum)	Økland-huset: eit forprosjekt for ny modell for forvaltning og drift av kunstnarheimar.	390 000	240 000	150 000
10.	Den Weis-Rosenkronske Stiftelse	Ny digital historisk utstilling med utgangspunkt i ny forskningsplan pkt 7.	350 000	200 000	185 000
11.	Norsk Vasskraft- og industristadmuseum	Biletspelet Industripionerane.	1 505 000	325 000	325 000
12.	Museumssenteret i Hordaland (i samarbeid med Hardanger og Voss museum og Sunnhordland museum)	Utvikle samarbeidsmodell for musea i Hordaland for å sikre og vidareføre den tekstile kunnskapsarven.	456 000	340 000	340 000
				Til saman	2 000 000

2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling avslår følgende søknader:

	Søkjar	Prosjektnamn	Totale utgifter NOK	Søknads-sum NOK	Løyving NOK
2.	Museumssenteret i Hordaland, avd. Bevaringstenestene	Nytt fellesmagasin for musea i Hordaland, vidareføring av søknad frå 2016. (Fellessøknad)	700 000	322 000	0
5.	Stiftelsen Bymuseet i Bergen	Avfukting - Museumsbygg/magasin.	250 000	250 000	0
8.	Stiftelsen Museum Vest	Museumslosen - digital fellesløsning for museum-skule samarbeid.	1 950 000	200 000	0

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.